

Kronikk

Vi godtek innlegg på både nynorsk og bokmål. E-post: ordskite@dagogtid.no

«Ein nøkkelfaktor i produksjonen av forskingsbasert kunnskap er kritisk diskusjon i akademiske kollegium.»

Konspirasjon mot klimaforskinga

Rolla som leiar for eit mangfaldig akademisk kollegium er det av og til slik at ein kan lure på korleis ein skal posisjonere seg, kva ein skal gjere – og ikkje minst kva ein skal seie. Spesielt gjeld det om ein står mellom kryssande interesser og med press frå ulike hald. Sjølv om krava er klare om tydelege svar, er det ikkje alltid opplagt kva som er rett og gale, og heller ikkje kva som er beste utveg. Om dette fekk eg eit muntert råd ein gong, og det var: «Om ingenting anna verkar, prøv sanninga.» Så la meg difor berre seie det som det er.

FORAKT FOR FORSKING

Sanninga er nemleg at det var med delte kjensler eg stilte opp ved Klimarealistene si lansering av nytt tidsskrift.

Eg forstår at folk undra seg over at eg takka ja. For her handlar det ikkje berre om skepsis til menneskeskapte klimaendringar. Her står ein overfor ein organisasjon som i same slengen avviser seriøs akademisk forskning og rådande vitenskapleg fundert kunnskap om utviklinga i klimaet på jorda. Slik forskning blir underkjend av Klimarealistene, i ein tone som er konspiratorisk, og med ein retorikk som er betre eigna til å provosere enn til å legge grunnlag for refleksjon, dialog og ettertanke.

Likevel tvilte eg meg altså fram til at det beste måtte vere å stille opp. Det er fleire grunnar til det. Ideen om eit ope universitet er viktig for meg. Han spring ut or ideal om akademisk fridom og ytringsfridom, som inneber aksept for eit mangfald av meiningar og eit mål om at kunnskap, erkjennning og innsikt blir skapt gjennom høveleg meiningsbryting, kritikk og debatt. Og så langt eg kan sjå, så ville akkurat dette arrangementet vore fritt for kritiske røyser om ikkje eg hadde stilt opp.

Så difor tok eg høvet – til å seie tydeleg ifrå.

GRØN OMSTILLING

Ved Universitetet i Stavanger brukte me eit heilt år på å etablere ein ny strategi mot 2030. Resultatet har brei og djup forankring: grøn omstilling. Med dette som utgangspunkt skal UiS bidra til å omstille samfunnet gjennom forskning, kunstnarisk utviklingsarbeid, utdanning og innovasjon.

Til grunn for strategiprosessen låg grundige vurderingar, ikkje minst av dei store samfunnsutfordringane i verda rundt oss. I særklasse står tap av natur og global oppvarming. Her er forskinga så massiv – og resultatata så godt underbygde – at dei som framleis måtte vere skeptiske til menneskeskapte klimaendringar, i sanning har bevisbøra på si side.

Samstundes meiner eg at takhøgda skal vere stor, og at det beste for usemja er opplysning. Å sette tema under debatt, og gjerne i eit offentleg søkelys. Alternativet er scenenekt og utestenging, ekko-kammer og konspirasjon. Ei slik utvikling vil avgrense ytringsrommet, sette den akademiske fridommen under press og legge band på den offentlege debatten.

Difor må ein aldri la dogmatismen fortrengje forvitenskapen. Difor må skylappane aldri få skygge for vidsyn og utforskartronge. Difor må den frie og uav-

KLIMA

KLAUS MOHN

«Om ingenting anna verkar, prøv sanninga.»



Klaus Mohn er rektor ved Universitetet i Stavanger. Foto: Mari Hult / Universitetet i Stavanger

hengige forskinga aldri vike plass for agendabasert kunnskapsproduksjon utan vitenskapleg underbygging.

AGENDABASERT AGITASJON

Og her kjem mi første innvending mot det nye tidsskriftet som no blir lansert. For det er vanskeleg å karakterisere utgjevaren som nyfiken, open og interessefri. Snarare enn å stille spørsmål er Klimarealistene ein organisasjon som allereie har svara klare.

Klimarealistene peikar på FN's klimapanel og samarbeidande forskarar som både politiske og dogmatiske. Og likevel svarar ein altså med akkurat same mynt: Det er sola som styrer klimaet! Punktum. Og så sikre er ein at ein like godt har sett *statementet* inn i logoen for organisasjonen.

ikkje er einig med FN's klimapanel når det påstår at utslepp av CO2 endrar klimaet dramatisk. Korleis dette kan sameinast med ideen om uavhengigheit og integritet, er ei gåte. Agitasjon har ingen plass i akademisk tradisjon.

Eg googla elles redaktøren av tidsskriftet for å sjekke akademisk bakgrunn, CV og forskingserfaring. For å finne ut kva som har rusta han til rolla som redaktør for eit vitenskapleg tidsskrift rett og slett.

Ikkje uventa dukka det opp kritiske debattinnlegg rundt klimakrise, klimapolitikk og FN's klimapanel, med retorikk og språkføring som høver seg dårleg for ein som ber om truverd som vitenskapleg forskar: «FN's bærekraftsmål – den ultimate stupiditet», heiter det til dømes i tittelen til eit debattinnlegg på nettstaden Resett.no, og eit anna innlegg har tittelen «Det 'grønne skiftet' kan bare skje ved å myrde alle menneskene i verden.»

Meir uroa blei eg likevel over fleire nyare debattinnlegg – igjen på nettstaden Resett.no – med spekulasjonar om valfusk i presidentvalet i USA førre året. Engasjement for konspirasjonsteoriar er ikkje den aller beste ballast for redaktøren av eit vitenskapleg forskingstidsskrift. Her skulle eg heller sett teikn på fordomsfri forvitenskap og balansert refleksjon.

Det største problemet er likevel at eg ikkje finn spor av ein forskingsagenda frå redaktøren si side, inga oversikt over vitenskapleg publisering og/eller teikn til erfaring med tidlegare arbeid knytt til vitenskaplege tidsskrift. Spørsmålet om vitenskapleg kompetanse og forskingsmessige kvalifikasjonar står dermed utan svar.

MØTER IKKJE KRAVA

Ein nøkkelfaktor i produksjonen av forskingsbasert kunnskap er kritisk diskusjon i akademiske kollegium. For publisering i vitenskaplege tidsskrift kjem denne mekanismen til uttrykk gjennom fagfellevurderinga. Her legg ein vekt på at dei som står bak fagfellevurderingane, ikkje skal ha særskilde interesser eller bindingar til forfattern, til utgjevaren eller til interesseorganisasjonar eller føretak. Det nye tidsskriftet har ei ordning for fagfellevurdering, men ordninga verkar noko uklår og ikkje overtydande. Det er nemleg redaksjonsrådet som skal finne fagfellar til vurderingane, og redaksjonsrådet er utgått frå Klimarealistene sitt vitenskaplege råd.

Alt i alt må nok denne lesaren difor konkludere med at Science of Climate Change ikkje møter standardkrav til vitenskaplege tidsskrift. Om de vil ha mine råd på vegen vidare, ser eg to moglege retningar:

1. Definer tidsskriftet som eit medlemskrift, legg bort dei vitenskaplege pretensjonane, og ikkje lat som tidsskriftet er noko meir enn det er.

2. Legg ned tidsskriftet, og råd alle inn-sendarar til å søke publisering i etablerte og velrenomerte publiseringsskanalar i staden.

Takk for at de hørde på!

Dette er ein nedkorta versjon av talen som Klaus Mohn framførte då Klimarealistene lanserte det internasjonale tidsskriftet Science of Climate Change i Stavanger 12. oktober.